

RADAR

NR.1 — 2026 · 42. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SOKN



s. 10: Presten på privaten

s. 4
Super frivilligfest

s. 12
Påskeandakt

Påska – heile livet på ei veke

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest

«Påska er heile livet på éi veke», sa prest og forfattar Karstein Isachsen. Den store høgtida som vi igjen skal få feira er full av kontrastar, og i år feirar vi påskehelga i Sæbø kyrkje.

I Bibelens påskeforteljing er det mykje vi kan kjenna oss att i, sjølv om vi ikkje var der. Det som skjer dei siste dagane av Jesu liv på jorda vert breitta ut over mange sider og rommar rundt ein tredel av evangelia. Det er hyllest på eselet, fellesskap rundt bordet, fotvasking, svik og hanegal, pine og piskeslag, død og grav, sorg og tårer, fred og glede.

Vi kan få følgja Jesus og hans næraste gjennom denne spesielle veka. Ei såkalla stille veke, som langt ifrå var stille. Det starta med hyllingsropa som ljoma då Jesus reid inn i Jesus på palmesøndagen. Eit rop om frelse, for «hosianna» betyr nemleg nettopp det: «gje frelse». Og han som skulle gje frelse måtte - som kveitekornet - døy, for å gje liv.

Skjærtorsdagen er Jesus samla med sine næraste for å halda påskemåltid. Så får måltidet ei ny meining då Jesus tek brødet og vinen og seier det er hans kropp og blod. Nattverden vert innstifta, Jesus gir seg sjølv, og også vi kan få ta imot.

Menneskelege sider kjem til uttrykk med svik og utlevering. I ein pressa situasjon nektar Peter for at han kjenner Jesus, Peter som var sikker på at han aldri skulle svikta. Jesus blir teken til fange, avhøyrd, piska, slått og dømd til døden. På krossen seier han: «Det er fullført» før han trekkjer pusten for siste gong langfredagen. Så dukkar det opp nokre menn vi ikkje høyrer så mykje om elles, men som trår til når det trengs, tek Jesus ned frå krossen og får lagt Jesus i grava.



I Sæbø kyrkje kan du få oppleva kontrastane og spenninga. Vera ein del av fellesskapet, kjenna smerta, smaka brødet og vinen og kveldsmaten, sjå at alteret vert dekkja av, høyra lidingshistoria og ta dei gleda over sorga som sløkkast påskemorgon.

«Eg er oppstoda og livet» står det over altertavla i Sæbø kyrkje. Dei same orda lyder ofte ute ved grava når vi tek farvel med ein av våre kjære. Jesus sa dei første gong til Marta då broren Lasarus var død. Det var før Jesus reiste Lasarus opp igjen (Johannes 11,25). Påskedagen trer Jesus sjølv frå grava som den levande. Vi feirar livet og han som er Herre over dødens makt. Ein jubeldag der Guds kyrkje syng kring vide jord.

Og vidare i påsketida held vi fram med å feira påskedagens under, mellom anna med Barnas påskefest i Manger kyrkje 12. april. Evangeliet skal delast og den glade, livsfylte påskesongen kan vi få ta med oss inn i våren og i liva våre.

God påsketid, og velkommen til påskefeiring i kyrkja!

Oppstart Radøy damekor

Etter at eit redusert RDK har deltatt på prosjektet “Fredsfyrsten” i haust, har vi no starta opp att med kor. Det er 10 songarar som øver på Rasteplassen kvar torsdag. Øvinga startar 18.30. Dersom du har lyst å vere med oss å syngja alle dei fine songane og vera med på dei gode arrangementa våre, er du velkomen. Me treng songarar på alle stemmene, men er spesielt i beit for 1. sopran. Det er fint om du kan notar og har erfaring frå korsong, men ikkje avgjerande.

William Kay er framleis vår faste dirigent, akkompagnatør, arrangør og musikalsk ansvarleg, noko me er svært takksame for.

Motto: «Det er helse i kvar tone og glede i kvar klang»

Elin Irene Klausen
Leiar i RDK

Fornyning av dåpssakresti/kjøkken i Hordabø kyrkje

Tekst: Kirsten Skage Mellingen

I februar vart det montert nytt kjøkken i kyrkja og samtidig vart det lagt nytt golv. Det var tømrarar frå driftsavdelinga vår som utførte arbeidet.

Utgiftene med nytt kjøkken/nytt golv vart dekkja av midlar som det tidlegare kyrkjelydsutvalet ved Hordabø kyrkje hadde samla inn. No gjenstår det å få på plass ny sofagruppe, og få måla veggane i ein passande farge.

Radøy sokn takkar for det gode arbeidet som er gjort, og vi gler oss til å ta rommet i bruk.

Fest og glede på karnevalsgudsteneste

Tekst: Gudveig Sundsbø

Vi feira mangfald og fellesskapet i kyrkjelyden med karnevalsgudsteneste i Manger kyrkje, på den søndagen som startar fastetida. Med Cantarella og Manger barnekor med, dåp av to born og eit yrande liv under og etter gudstenesta, blei det ei fest der vi hygga oss saman.

I preika snakka prest Torbjørn om at vi kan, høgt eller inni oss, få lov til å seia det vi tenker på og er opptatt av. Og det fine er at Gud kan alle språk og alle dialektar, så Gud forstår oss alle, uansett. Vi kan be med kroppen vår, ved å gjera noko, slik vi også kan gjera på bønnevandringa i gudstenesta. Jesus ber for oss, og vi kan får vera med å be for andre.

Under bønnevandringa fekk vi gå rundt og be på ulike måtar; der kunne ein be for eit land på det store verdskartet, skrive eller teikne ein bøn eller skrive noko ein er takksam for på ein plakat. Ved bønnetreet kunne be for ulike tema ved å velje farge på tråden ein hang opp, og alle kunne sette fingeravtrykket sitt på fellesskapstreet som symboliserer korleis vi er ein del av det store fellesskapet.

Etter gudstenesta var mange att og koste seg med fastelavnsbollar eller deltok på dei ulike aktivitetane, som seigemann-strekking, nonstop-i-kopp-konkurranse og å lage fastelavnsris.

Karneval tyder jo eigentleg «farvel til kjøtet» og er ei fest før tida for faste. I vår samanheng er det nok ikkje så vanleg å legge vekk kjøtet i fastetida, men mange har eit ekstra



fokus på korleis vi kan hjelpe andre. I vår kyrkjelyd står fasteaksjonen sterkt og er eit uttrykk for vår faste, å gi noko til dei som har minst i verda, og å vere takksam for det vi har. I slutten av preika oppfordra Torbjørn oss til å finna ein ting å takka for kvar dag – og gjerne også noko eller nokon å be for.

Tysdagstreff

i Sæbø kyrkje
14.april kl 19:00

Gunnar Kartveit snakkar under tema *Forbruk eller rettferd?*
Om klima, miljø og grøn kyrkje.

Det vert servert kveldsmat
Alle er hjarteleg velkomne

FORBRUK
ELLER
TAKKSEMD?



Å lese Bibelen i fellesskap - inspirerende kveld

Tekst: Marta Grønstad Hvidsten

Tysdag 10.februar var me samla til Tysdagstreff med Bibellesing som tema. Sagrusten fekk oss med på ei reise frå Mosebøkene til i dag om verdien i høgtlesing. Han oppmoda til å lese høgt, om det er til oss sjølve, eller i fellesskap med andre. Ein ekstra takk til alle våre trufaste tekstlesarar som les bibeltekstar i gudstenestene!

Tematikken fortset med «Bibelprat» nokre tysdagar på Rasteplassen, saman med soknepresten, der me samtaler med utgangspunkt i søndagens tekst. Velkomne!



Fest for frivillige

Tekst: Grethe Lunde

Feitetysdag hadde vi fest for frivillige i kyrkjelyden vår, og på menyen stod det rømmegraut med noko attåt, samt kaffi, kaker og tebrød.

Irmelin Brun leiar eit team som jobbar med å leggja til rette for, støtta og inspirera til frivillige tenester i kyrkjelydane i Bergen. Irmelin inspirerte oss med blant anna å utfordra tenkemåten vår.

Vanlegvis er det lett å tenkja: Kva treng vi frivillige til? Jau, den og den oppgåva skal løysast, og vi treng fleire hender. Ei anna tilnærming er: Kva kan du tenkja deg å delta i kyrkjelyden med? Ein spennande tenkemåte som lett kan resultera i at fleire finn sin plass i fellesskapet.

61% av innbyggjarane i Noreg deltek i frivillig arbeid, men veit du kva grunnen er til at vi ikkje har endå fleire frivillige hender i sving? Dei har ikkje blitt spurd! Så utfordringa til oss alle er: spør ein ven, nabo eller andre du kjenner om dei kan tenkja seg å vera med i frivillig arbeid.



BYGGER'N

Stevnebø

tlf: 56 34 94 60 e-post: info@stevnebo.byggern.no



Fiskenet

PART OF EBERSUND GROUP



Barnas

Fargelegg!

Samuel var ein gut på ca. 6 år som vakna av at Gud snakka til han! Fargelegg bildet av Samuel som vaknar i senga si.



Teikning: Chiara Bertelli

Gate:


Veit du kva som går opp når den går ned? Glidelåsen!

Finn 5 feil

Samuel hørde mange ting frå Gud. Då Samuel blei vaksen fortalde Gud han kven som skulle bli konge. Kan du finne fem feil på bildet under?



Teikning: Kari Sortland



Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymet det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 09 71 00



Vits:

Hvis du kallar meg liten éin gong til, så hoppar eg opp og bit deg i kneskåla!

Frå kyrkjebenen

Ein prat med Sigrun Dale

Tekst og foto: Lars Bjarte Nesheim

– *Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?*

– I om lag 50 år tenker eg. No er eg ei gamal dame på over 80 år. Då eg var i 30-åra fekk eg eit meir aktivt forhold både til den kristne trua og kyrkja enn tidlegare. Sidan har eg vore ein aktiv kyrkjegjengar og også hatt oppgåver i kyrkja heile tida, slik som soknerådsarbeid, diakoninemnd, sundagsskule, gudstenesteutval m.v. Eg har også vore kyrkjeverje ein periode. Framleis har eg nokre frivillige oppgåver som medlem i gudstenesteutval og klokkarteneste. Dette synest eg er gjevande, og eg set pris på å få vera med på dette.

– *Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden din?*

– Eg set pris på fellesskapet, både med dei trufaste som møter opp ved kvar gudsteneste, og med dei som kjem sjeldnare. Uansett grunn for å koma til gudsteneste, så vonar eg at alle får noko med seg. Kjensla av å vera med på noko som er annleis – noko heilagt – når gamle bibeltekstar vert lesne, og gjennom salmesong og liturgi. Eit møte mellom Gud og menneske, og også ein kontinuitet frå slektene før oss som har site i same kyrkja, høyrte dei same tekstane og sunge dei same salmane. Noko slitesterkt. Ekstra kjekt er det når born og unge er med i gudstenesta og har oppgåver, konfirmantane til dømes!

– *Korleis vil du skildre kyrkja?*

– Mo kyrkje er ei lita trekyrkje bygd i 1883. Den er lun, med trekvite tømmervegger og elles måla i tradisjonelle fargar. Den har ei talande altertavle av Jesus som går på vatnet og Peter som vil gå til han, men heldt på å søkkja. Altertavla er måla av Lars Osa. Det har stått to kyrkjer tidlegare på omtrent same plassen i Mo sentrum.

– *Har du ein salme eller song du er glad i?*

– Eg er glad i salmar, og syng gjerne salmar, både gamle og nyare. Det er fleire eg kunne valt, men eg trur eg vil ta fram den gamle salmen «Med Jesus vil eg fara» av Elias Blix. Den salmen song me både på skulen og i konfirmasjonstida, og den har fylgt meg sidan. Den skildrar så fint eit ynskje om å få leva med Gud og Jesus eit heilt liv, frå vogge til grav. Den står på nr. 419 i Norsk Salmebok, og eg har lyst til å sitera andre verset: «Min Jesus, sannings stjerna, lys opp min mørke veg! Mitt hjarta vil so gjerna få fylgja etter deg. Du lyser enn i verdi som før frå Betlehem. Ver du mitt ljøs på ferdi, til heim med deg og kjem!»

– *Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*

– Ved ein god kyrkjekaffi er fellesskapet med dei andre kyrkjegjengarane det viktigaste, saman med ein god kopp



kaffi i og ein kakebit. Då kan ein ha uformelle samtalar, og gjerne også gjera avtalar for veka som kjem, slik som dei gjorde på den gamle kyrkjebakken. I Mo kyrkjelyd har det dessutan nærast blitt ein tradisjon med kyrkjemiddag etter kyrkjekaffien dei søndagane det er ope på Mobryggja. Då samlast gjerne ein flokk seg der og et middag i lag. Ei fin avslutning på ein preikesundag!

Fremmedord som er hjemme hos oss

Tekst: Jan Rantrud
Foto: Breit Nøst Dale

I en vanlig gudstjeneste bruker vi noen hebraiske, greske og latinske ord som vi har vent oss godt til. Her er de vanligste:

AMEN er hebraisk og uttales helt likt på grunnspråket som på norsk. Det er to ord på hebraisk som kommer fra samme roten: Sannhet og Tro. Vi kan derfor oversette Amen med Dette Er Sant og Troverdigg. Det kan i Nytestamentet stå både før og etter et utsagn eller en bønn.

HALLELUJA er også hebraisk og betyr Lovpris Herren. Slutten **JA** er en forkortelse av det gamle gudsnavnet som blir skrevet **JHWH** og som ingen kjenner uttalen av. Og **HALLELU** er flertallsform så vi kan oversette det med Alle Skal Lovprise Herren.

HOSIANNA er hebraisk igjen, og består også av to ord. Første delen kommer fra verbet **Å FRELSE** og sluttstavelsen **NA** kan oversettes med Vær Så Snill. Det vi sier er altså

Vær Så Snill Å Frelse Oss!

GLORIA er det eneste latinske ordet jeg kan se at vi har igjen. Det betyr **ÆRE VÆRE-**

For en del år siden sa vi en hel liten setning: Gloria In Excelsis Deo _ Ære Være Gud I Det Høyeste. Rent personlig synes



jeg nok at vi kunne tåle en hel liten latinsk setning fremdeles.

KYRIE ELEISON – KRISTE ELEISON. Dette er gresk. Det betyr Herre Miskunn Deg og Kristus Miskunn Deg.

De to ordene som slutter på e viser at det er den formen vi kaller Vocativ, dvs. tiltaleform hvor vi kunne sette du foran. Altså Du Herre Miskunn Deg og Du Kristus Miskunn deg. Altså litt mer personlig enn det kan høres ut til på norsk.

Fremmedordene er velkomne hos oss.

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE



Torvhusmyrane 6
Nordhordland Næringspark
5913 Eikangervåg



Tlf: 56 34 24 30
E-post: post@helland-elektro.no
www.helland-elektro.no
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

Knarvik Blomstestove



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomstestove.no

HEDER | **NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ** | Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR



DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund Havnevegen 31 Frekhaug Elvavegen 1 Dalekvam

VATNE
begravelsesbyrå



Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

vatne-byra.no

Kva er presten sine oppgåver?

Tekst: Arthur Kleiveland

«Eg har erfart at det i møte med presten er viktig at dei sørgande opplever å møta eit medmenneske og eit håp om at livet trass alt går vidare.»

Sjølv for presten gjer møtet med sorg uansett alltid inntrykk. «Når det er eit ungt menneske eller eit barn som har døydd, er sorga hjå familien botnlaus,» seier sokneprest Bjørn Tore Sæle. (Foto privat)

Gjev håp når alt er som mørkast

- Å møta menneske i sorg, er først og fremst å lytta. Det handlar om å vera eit medmenneske som prøver å forstå korleis familien har det, seier sokneprest Bjørn Tore Sæle i Meland sokn.

Sæle legg vekt på å høyra familien sine tankar og følelsar rundt dødsfallet, og korleis sorga pregar dei. Det varierer sjølv sagt mykje korleis dei pårørande har det.

- Ofte er sorga stor også når det er ein eldre person som er død. Når yngre dør, og når det skjer ein brå og uventa død, kan familien dessutan vera i sjokk og situasjonen kan føllest kaotisk. Og sjølv sagt vil det vera ekstra krevjande med små barn mellom dei etterlatne, seier Sæle.

Han vil gje dei sørgande hjelp med å ta nokre av stega vidare i prosessen dei må gjennom.

For Sæle er det i første omgang gjerne ikkje dei store tankane omkring tru og det kristne håpet som blir tema i møte med dei pårørande. Soknepresten har erfart at det i starten er vel så viktig at dei sørgande opplever å møta eit medmenneske og eit håp om at livet trass alt går vidare.

- Men det store håpet og trøysta i Jesu oppstode er ein berebjelke i gravferda. I møte med siste farvel og ei open grav er det godt å peika på håpet, Jesus som sigra over døden, seier Sæle.

Sårbare og hjelpelause saman

Sjølv for presten som profesjonell aktør, gjer møtet med sorg uansett alltid inntrykk.

- Når det er snakk om eit ungt menneske eller eit barn, er sorga hjå familien botnlaus. Då blir ein som medmenneske fattig, for trøyst finst ikkje. Det einaste vi kan, er å vera sårbare og hjelpelause saman med dei som sørgjer, seier Sæle.



Utfordrande og meningsfullt

- Familie, kyrkje og byrå samarbeider etter beste evne for at gravferda skal bli ein verdig, vakker og fin avskjed, midt i sorga og saknet. Håpet er at musikk, blommar, minnetalar og andakt blir noko ein i familien kan tenkja tilbake på som eit godt minne.

- Men dei gongane dødsfallet kjem brått og uventa og skjer på ein kanskje tragisk måte, er alt dette meir utfordrande, men samtidig minst like viktig. I den tyngste sorga er oppgåva større, og samtidig ekstra meningsfull, seier Sæle.

I gravferda les presten minneord frå næraste familie basert på ein samtale. Kven som lagar minnetalen varierer. Nokre gonger har ein eller fleire i familien skrive ein komplett minnetale som dekkar det meste av livsløp, personlegdom og interesser. Ofte er presten delaktig i, eller den som utformar talen.

- Så er det også ganske vanleg at ein eller fleire kjem med ei personleg helsing i tillegg, som då ikkje fokuserer på livsløpet, men heller på personen sitt forhold til avdøde. Barn og barnebarn kan for eksempel fortelja litt om kva foreldre eller besteforeldre betydde for dei. Det kan også vera helsingar frå vener, kollegaer og andre lengre ut i slekta.

Bisetjing og gravferd

Dei fleste vert gravlagt i kiste, men det er blitt stadig meir vanleg med bisetjing også i vårt distrikt. Med etableringa av minnelund ved gravplassen i Knarvik – og planar om minnelund andre stader i distriktet, er det grunn til å tru at nedsetjing av urne vil bli meir brukt.

Ved bisetjing gjer presten jordpåkasting inne før siste salme. Deretter går dei som ber kista og dei frammøte samla ut til ein ventande bærebil, og så blir seremonien avslutta når bære bilen har kjørt.

I gravferd blir jordpåkastinga på gravplassen, med bønn og skriftord, senking og 3 x 3 klokkeslag og med song før og etter.

Ny serie: **Når livet tek slutt**

Songen rører oss sterkt

Tekst: Arthur Kleiveland

- **Songen er meir enn ord og tonar, den rører oss djupt i sjel og kjensler, seier kantor Odd Leif Mjøs i Knarvik sokn.**

I kyrkjelege gravferder gjev salmesongen eit høve for kvar og ein til deltaking og uttrykk i fellesskap. Mjøs peikar på at val av salmar og musikk er ei vurdering for kvar enkelt situasjon, og pårørande kan få gode råd både frå byrå og kyrkje.

- Det treng ikkje vera så avansert, det viktige er at det kan fungera som eit felles multiplum. Musikken i starten er ofte mjuke tonar, utgangen treng gjerne noko meir lyd. Sjølv om den liturgiske ramma stort sett er fastlagt, er kvar gravferd ein unik og vår situasjon. Enkle og naturlege val for gravferder fungerer ofte veldig godt, seier Odd Leif Mjøs.

Organist William Kay i Radøy sokn fortel at det vanlege er at kyrkja får tilsendt ei bestilling frå gravferdsbyrået om kva salmar familien har vald ut. Salmar som skal syngast, må stå i Norsk salmebok, med opning for bruk av andre salmebøker (t.d. Sangboken) i visse høve.

- Byråa i vårt område held seg til det og informerer familiene om det. Andre songar og viser kan brukast som innslag, anten i samband med minneorda eller som pre-/postludium, då med innleigd solist, ikkje som fellessong.

Sokneprest Bjørn Tore Sæle i Meland sokn fortel at familien i samråd med byrå har avklart det meste av musikken før han møter dei.

- Så kan vi samtala litt omkring salmane, kanskje justera litt enkelte gongar. Men det vanlegaste er at familien og byrået har landa på fine songar og solistinnslag, som då kyrkjemusikar og prest går inn i.

- Det er ganske vanleg med solistinnslag i gravferd. Ofte er det profesjonelle musikarar og songarar som deltek, men det er også ganske vanleg at nokon i familien og slekta bidreg. Då kan det vera instrumentale soloinnslag, eller song som gjerne kyrkjemusikaren spelar til. Ofte er solosangen i starten av seremonien og rett etter lesing av helsingane på kransane.

Det er vanleg at organisten spelar ei tid før seremonien startar.

- Det gjev ro til ettertanke og førebuing, og dessutan opplever mange det fint at det blir mindre trykkande stille i kyrkja når organisten spelar, seier Bjørn Tore Sæle.

Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

Vi utfører:

Bolig og industri • Alarm
Billadere • Adgangskontroll
Tele/data-nettverk •
Automatisering •
Godkjent for kontroll av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG



Vi tilbyr gratis
fiolinmusikk og
solosang/forsanger



Døgnvakt 56 35 00 00 Isdal 13, 5916 Isdalstø www.alverbegravelse.no

Bygg Team
VEST AS

Alt innan tømrarfaget!

AMFI
KNARVIK

Specsavers®

OPTIKER I KNARVIK
-Bestill synsprøve nå!
RING 56 35 14 66



Han elsker turgåing, skriving og formidling

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

NAMN: Torbjørn Sæle
ALDER: 40
SIVILSTAND: Gift med Stine Karin
JOBB: Sokneprest i Radøy sokn

HERLEG: – Det er ikkje mykje som slår ein fin tur på fjellet, seier sokneprest Torbjørn Sæle, her med Manger-bygda i bakgrunnen.

Når Torbjørn tek seg ein tur på fjellet, let han ofte tankane fara og snekrar gjerne saman nokre setningar, som kan bli til eit dikt eller til ettertanke, og gjerne med eit foto som supplement.

– Eg likar å leika med ord. Det er noko eg finn meining i og som inspirerer meg til også å dela med andre, som for eksempel på Facebook.

Den nye soknepresten på Radøy, Torbjørn Sæle, er neste mann ut i serien «Presten På Privaten».

Torbjørn har skrive mange dikt opp gjennom åra, og jamvel ein del salmar. Nokre av dei er tonesett, som til dømes «Vi ventar på ein konge», «Dagen er til ende» og konfirmantsongen «Tusen åpne dører».

– Du har også skrive bok, no sist «Peters hemmelige notater». Kvifor skreiv du den boka?


– Eg har eit ønskje om å gjera bibelforteljingane lettare

tilgjengelege, med ein litt annan innfallsvinkel. I denne boka har eg tenkt ungdom og konfirmantar, og prøvd å la det vera ein døroppnar inn til tekstane, enten for første gong eller på nytt. I boka har eg prøvd å setja meg inn i korleis det var å vera apostelen Peter – på både godt og vondt, seier Torbjørn.

Blei nesten journalist

Den turglade 40-åringen frå Nedre Sagstad på Holsnøy har alltid likt å skriva. Truleg var det derfor han melde seg som frilanser for avisa Nordhordland då han gjekk på vidaregåande på Lindås gymnas. Men allereie då han som ungdomsskuleelev var i arbeidsveke i same avis, vart skrive- og formidlingstrongen skapt.

– Det var i første rekkje referat frå fotballkampar, konsertar og ein del reportasjar eg dreiv med. Eg hugsar godt ein tittel frå golfbana på Fløksand, der mange ungdomar var i aktivitet: «Ungdommar i full sving». Den tittelen likte redaktøren godt!



NY BOK: I boka «Peters hemmelige notater» prøver Torbjørn å setja seg inn i korleis det var å vera apostelen Peter.

Torbjørn ser ikkje bort frå at han hadde blitt journalist dersom han ikkje hadde valt presteneste.

Eit avgjerande spørsmål

– Kvifor vart du så prest?

– I mi ungdomstid var eg aktiv i det kristne miljøet i Meland – også som leiar i bedehus- og kyrkjemiljøet. Men det var etter ei skulegudsteneste i Alversund i første klasse på vidaregåande at tanken om å bli prest først dukka opp.

– Kva skjedde der?

– Det var ein prest som spurte meg etter gudstenesta: Kva har du tenkt å bli når du blir stor? Eg klarte ikkje heilt å svara på spørsmålet før presten sa til meg: «Eg trur du skal bli prest!» Eg tok det med meg inn i juleferien, grubla litt over det før eg bestemte meg for at ja, det er prest eg vil bli.

– Kven var det som spurte deg?

– Det var Idar Simonsen, seier Torbjørn, som omtalar hendinga i Alversund som eit kall.

Han tok nokre umiddelbare grep då han hadde bestemt seg, ved mellom anna å velja bort realfag på vidaregåande.

– Eg tenkte at det treng eg ikkje, eg ville heller ta fag som kravde litt mindre av meg, fordi eg hadde lyst til å engasjera meg i kristent ungdomsarbeid og vera frivillig der.

Ikkje ukjent med radværingane

Etter vidaregåande hadde Torbjørn sivilteneste i Meland

kyrkjelyd før han tok fatt på eit seks års utdanningsløp ved Menighetsfakultetet (MF) i Oslo.

Hans første jobb var som prest i Fagerborg kirke i Oslo. Deretter følgde teneste som spesialprest i Knarvik – før han vart sokneprest i Masfjoden. Alle desse tre jobbane hadde han i fire-fem år på kvar plass, før han i fjor haust vart tilsett som sokneprest på Radøy.

– Men du var ikkje heilt ukjent med Radøy og radværingane då du starta i fjor?

– Nei, eg var heldig og hadde sommarjobb på Radøy både i 2008 og 2009 då eg studerte ved MF. Det gav meirsmak, så derfor søkte eg meg til den grønne øya då Kjell prest gjekk av.

Brann er favorittlaget

– Har du ein hobby du er opptatt med?

– Forutan turgåing – og skriving og fotografering – som gir meg både ro og inspirasjon, er eg glad i fotball. Eg trenar med ein kompisgjeng ein gong i veka på gamle Knarvik barneskule.

– Har du eit favorittlag innan fotballen?

– Ja, det er heilt klart Brann. Eg har partoutkort på Stadion og prøver å få med meg heimekampane der. Elles er eg opptatt av landslaget så klart, eg har vore på nokre landskampar i Oslo.

– Og mange har eit favorittlag i England. Kva er ditt lag?

– Det er Tottenham, men det skal seiast at eg er ikkje blodfan-supporter, det går litt i bølgedalar. Brann er viktigare for meg, seier Torbjørn med eit smil om munnen.

Torbjørns slektsnamn Sæle er frå Øygarden, sjølv er han fødd og oppvaksen i Meland.

– Retreat gir meg mykje

– Er det andre ting som opptek deg?

– Eg har stor sans for å vera på retreat, både som deltakar og som tilretteleggjar. Eg har vore fleire gonger på Lia Gård på Koppang, i Ål og på Wallemtnet på Kvamskogen, samt retreatkveldar i Bergen.

Retreat er å trekkje seg tilbake til ein stad, der ein kan vera i fred og stille – og samla seg om meditasjon og bøn.

– Kva gir det deg å vera på retreat?

– Det er ein arena der eg opplever at det er godt å vera, der ein kan både kobla av og kobla på. Ein kjem nærmare Gud, sansene blir forsterka, kreativiteten blømer, ein får kvilepuls og opplever eit fellesskap i ein rytme av bønn og stillhet. Til og med maten smakar betre på retreat, avsluttar ein smilande Torbjørn Sæle.



KULTUR- KALENDER

Lørdag 11. april

Knarvik kyrkje kl.19.00

Konsert med kora Knarvik Gospel og Te Deum

Søndag 19. april

Ostereidet kyrkje kl.18.00

Konserten "Dag for dag" med Jon Martin Skauge og band

Onsdag 22. april

Musikkandakt i Meland kyrkje kl.19.00

Meland Seniorkor, dir. Kristine Fluge

Fredag 24. april

Knarvik kyrkje kl.19.00

«Griegs A-moll i ny drakt» - konsert med pianist Sivert Aase Fluge og organist Henriette Eide.

Billettsal i døra – kr. 300. Gratis for kulturskuleelevar

Fredag til mandag 24. – 27. april

Knarvik kyrkje

Kulturdagar med utstilling på Galleri Petersplassen

Onsdag 6. mai

Musikkandakt i Meland kyrkje kl. 19.00

Elisabeth Svane, fiolin
Magnus Blom, piano og orgel

Søndag 7. juni

Lindås kyrkje kl. 18.00

Konserten "Dag for dag" med Jon Martin Skauge og band

Onsdag 17. juni

Musikkandakt i Meland kyrkje kl. 19.00

William Kay, orgel
Malgorzata Tveit, fløyte

Påskeandakt



Av Torbjørn Sæle, sokneprest på Radøy

Betyr det noko om du er der når det er gudsteneste eller andre samlingar i kyrkja?

Tomas, ein av dei tolv, han som vart kalla Tvillingen, var ikkje saman med dei andre læresveinane då Jesus kom (Johannes 20,24).

Sånn begynner ein av påsketekstane i Bibelen. Og vi kan lura: Kor var det blitt av Tomas?

Det kan vera mange både gode og mindre gode grunnar til at nokon ikkje er der når flokken samlast. Kanskje hadde Tomas behov for å vera litt aleine? Kanskje var han ute og fiska? Kanskje tenkte han at tida med Jesus eigentleg var litt bortkasta, når alt rakna og Jesus døydde. Var det då verdt å følgja han?

Påskedagen er flokken samla, sorgfulle og redde. Men Tomas manglar. Og det som er heilt klart er at Tomas gjekk glipp av noko viktig – eit møte med Jesus.

Ein eller fleire av læresveinane må ha tenkt på Tomas, og sørga for å få han med tilbake i fellesskapet. Kanskje dei sa noko sånt som: «Tomas, veit du kva som skjedde den kvelden då du ikkje var der? Dørene var låst, men plutsleg stod Jesus der, han viste oss hendene med såra sine. Han lever! Her er verkeleg tilbake! Du MÅ vera der neste gong vi samlast ...»

Tomas er først litt avventande, og eg kan kjenna meg igjen. Kan det verkeleg stemma? Kanskje tenker han at det var dårleg gjort å tulla med sånt, om dette ikkje var sant. Men gleda og begeistringa i det

dei fortel, må ha gjort noko med Tomas.

For neste søndag så er Tomas der. Kvifor? Jo, fordi nokon inviterte han med – tilbake i fellesskapet!

No får også Tomas sjå Jesus med sine eigne auge, og han får med sine eigne hender kjenna at det er Jesus! Og Tomas, som litt ufortent seinare har blitt kalla «tvilaren», får lov til å uttrykka si tru. Direkte til Jesus: «Min Herre og min Gud!» seier Tomas i truedkjeninga si.

Så når flokken rundt Jesus; læresveinar, kyrkjemedlemar og bygdefolk, barn, ungdom, konfirmantar, vaksne og eldre møtast til gudstenester og andre samlingar i kyrkjene våre – ja, så er det faktisk eit poeng å vera der. Det betyr noko at akkurat du er der!

Ikkje berre fordi du kan synga til fin musikk, risikera å høyra noko fornuftig bli sagt av presten og treffa andre over ein kopp kaffi. Men først og fremst fordi Jesus er der. Der to eller tre eller mange er samla i hans namn, der kjem den levende og oppstadne og møter oss og seier: «Fred vere med dykk.»

Kanskje er det tid for å koma tilbake – eller koma og bli ein del av eit fellesskap? Eller kanskje er det du som kan invitera med nokon?

Måtte Jesus få møta oss alle med sin fred, akkurat der vi er, her og no, denne påsketida og alle dagar.

God påske!

Diakonalt hjørne



Av Gudveig Kartveit Sundsbø

Ver ein ven, og få ein igjen!

Det er eit afrikansk uttrykk som heiter Ubuntu- det handlar om at me blir til oss sjølve i møte med andre menneske. Me treng andre menneske rundt oss, me treng støtte, og av og til kan me vere ei støtte. Fellesskap gjer noko med oss! Eg trur me er mange som har opplevd at menneskemøter har skapt ei endring i oss, om så det berre er eit smil ein dag.

Vil du vera med å gjere ein forskjell for nokon som treng litt av di tid? Det kan vere å gå ein tur, ta ein ekstra telefonsamtale, gå på besøk og ta ein kopp kaffi med ein annan person.

Det treng ikkje krevja så mykje, men det kan bety mykje for ein som har behov for besøk eller å ha nokon å vere saman med.

Eller- er du ein som ønskjer å få besøk av nokon, slik at du vert litt mindre einsam?

Ta kontakt med Gudveig Kartveit Sundsbø for besøksteneste, på telefon 93840587.



Du verda!

Av: Gunnar Kartveit

Markus var éin av 14 konfirmantar frå Nordfjord som deltok på studiereise til Malawi i det sørlege Afrika i 2012. Konfirmantane var med for å læra meir om folk og land, og om Kirkens Nødhjelp sitt arbeid der.

Dagen etter landing i Malawi, vitja me eit kultursenter i landsbyen Kumbali. I tillegg til ein marknad var det lokale handverkarar som laga ulike produkt og som gav undervisning i handverket sitt.

Sidan me nett var komne til landet, var det berre eg som hadde hatt høve til å ta ut pengar i den lokale valutaen kwacha. Difor sa eg at dei som hadde bruk for pengar før dei fekk ta ut sjølve, kunne låna av meg.

Etter ei lita stund på kultursenteret kom Markus og spurde om han kunne låna pengar. Ei av dei andre vaksne som stod der, svara raskt at her selde dei berre store ting, korger og krukker, som det var uråd å få med seg.

Men på spørsmål om kva han ville ha pengar til, svara Markus: «Eg har funne noko som ikkje tek noko plass i kofferten, og som eg kan ha med meg resten av livet. Og det kostar nesten ingenting.»



Markus Frislid frå Heggjabygda i Nordfjord og kunstnaren Chris.

For Markus hadde funne ein pottemaker som kunne gje undervisning i å arbeida med leire. Prisen var ti kroner.

Malawi er eit fattig land som vert hardt ramma av klimaendringar. Og hudfarge og materiell fattigdom kan gje feilaktige bilete av kven som er gjevar og mottakar her i verda.

Det var flott å sjå Markus – og etter kvart også andre – sitja der med ein lokal læremeister frå landsbygda i Malawi.

Takksemd for det me får frå andre, løftar både gjevar og mottakar. Markus sitt initiativ gav både han og oss andre ein lærdom for livet.

Misjonsglimt

Tekst: Helle Leivestad Kartveit

Ungdomsarbeid i Den evangelisk-lutherske kyrkja i Estland (EELK)

Eit av dei største arrangementa for ungdom i EELK er Vinterdagane. Vel 80 personar deltok frå fredag til søndag, ungdommar og leiarar frå 27 kyrkjelydar var med. På programmet stod både lovsongkveld, paneldiskusjon, undervisning om Bibelen, forskjellige seminar (alt frå ishockey til åndelege tema), gudsteneste med meir.

Magne Mølster har tidlegare vore sokneprest i Saku menighet og NMS er framleis med og støtter kyrkjelydane med både råd og økonomi. Sjølv om Magne er aktiv inn mot begge, er hovudfokuset hans no unge vaksne. Eigentleg på nasjonalt nivå, men på grunn av plassering og behov, har han eit spesielt fokus på Tallinn.

Magne fortel: «Her er vi i gang med månadlege ungdomsmesser, og eg leier eit team med ungdommar/unge vaksne frå ulike kyrkjelyder i Tallinn prosti som førebur og gjennomfører desse messene. Det er veldig meningsfylt. Ung messe finn stad i den svenske kyrkja i gamlebyen i Tallinn, kvar andre søndag i månaden. I januar var vi 35 deltakarar til stades, som var ny rekord.»

Ver gjerne med og be for vegen vidare, for;

- Arbeidet med trusopplæringsplan i EELK
- Framleis vekst i ungdomsarbeidet
- Kyrkjelydane i Estland



Slekters gang

Døpte

29.11.2025 i Manger kyrkje: Johanne Sekkingstad Ryen
25.12.2025 i Manger kyrkje: Sigrid Gundersen Kolstad
18.01.2026 i Manger kyrkje: Elias Mellingen Sylta
08.02.2026 i Sæbø kyrkje: Ninna Rikstad Sæbø

Avlidne

14.11.2025, Hordabø kyrkje: Karl Johan Vangberg
09.12.2025, Sæbø kyrkje: Torstein Laurits Sæbø
11.12.2025, Manger kyrkje: Torleif Manger
19.12.2025, Manger kyrkje: Olga Johanna Toska
19.12.2025, Sæbø kyrkje: Arne-Bjørn Frotjold
16.01.2026, Manger kyrkje: Svein-Åge Seilfaldet
20.01.2026, Emigrantkyrkja: Normann Johan Valdersnes
30.01.2026, Manger kyrkje: Svein Bøe
03.02.2026, Manger kyrkje: Solveig Ester Kartveit
06.02.2026, Manger kyrkje: Johanna Vågenes Vangen
13.02.2026, Sæbø kyrkje: Harald Stein Madsen

SØNDAGSSKULE

MANGER KYRKJE

Kvar søndag når det er gudsteneste på Manger er det også søndagsskule, med Gudsrikeleik og aktivitetar. Vel møtt!

Tankestrek

Tekst: Elin Nøttveit

Er tanken til å stola på?

Det renn så mange ulike tankar gjennom sinnet i løpet av dagane. Nokre går rett forbi, og andre vert verande over lengre tid eller vender tilbake fleire gonger. Ja, dei kan gå over i rein grubling, om fortida eller detaljert planlegging og frykt for framtida.

Er det slik at jo meir eg tenkjer på noko, jo lettare vert det? Mi erfaring er at tankane kan gjera mange ting meir problemfokusererte. Dersom situasjonen ligg i fortida, kan eg uansett ikkje gjere om att det som skjedde. Det tek også svært mykje krefter å grubla over slikt, utan at det gjer nokon forskjell. Slik verda er i dag, er det ikkje rart om tankane om framtida går over i bekymring. Men er det slik at dersom eg berre tenkjer på dette heile dagen i dag, så vert framtida annleis og betre?

I ein gammal salme, frå 1902, står det «Når jeg har tenkt meg trett til døde, si så hva du har tenkt, o Gud!» Så me ser at menneske har prøvd å løysa ting gjennom tankane sine til alle tider.

Me kan ikkje stoppa tankane. Dei kjem rennande gjennom sinnet som ei elv. Så eg kan berre sjå på dei og vurderer kven av dei eg vil tru på er sanne. Kjem det inn noko negativt eller kritisk i tankane retta mot meg sjølv eller andre, og følelsane heng seg på med tårer eller irritasjon, kan det vera eit varsel om å sjå etter. Kva var det no for tankar som strøymde forbi? Er det til det gode?

Les eg i Bibelen, kan eg sjå kven eg er. Eg er skapt av Gud, i hans bilete, og Gud såg at alt var godt. Gud elsker MEG slik at han sende Sonen sin for å fortsatt ha fellesskap med MEG. Dette er kjærleik. Det er så fint sagt i ein barnesong:

«Gud er så glad i meg at han kan ikke ta øynene fra meg.

Dag eller natt, aldri forlatt, han bevarer meg.

Jeg er bestandig trygg for han er med meg gjennom alt det som skjer meg.

Der hvor jeg går, sitter og står passer han på meg.»

Når Guds auga ser slik på meg, så må eg hugse på at det gjeld alle menneske. Det gir meg ei retning til kvar eg skal vende blikket mitt; til mine medmenneske med kjærleik.

På såmannsøndagen var eg på gudsteneste i Manger kyrkje. Nye presten vår, Torbjørn, hadde strødd såkorn over heile midtgangen, kort med bibelvers til kyrkjelyden. Eg plukka opp eitt og fekk desse orda frå Jeremia 29.11:

«For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukkestankar. Eg vil gje dykk framtid og von»

Så kan eg trygt landa tankane mine i ro og stille og vere i dagen i dag. Eg kan vere sikker på at eg er verdifull slik eg er og slik eg er skapt av den Gud som elsker meg.

«Fall til ro og kjenn at jeg er Herre, fall til ro, ja sett deg bare ned, fall til ro og kjenn at jeg er din Gud, jeg vil gi deg av min fred.»



DEN NORSKE KYRKJA

Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1 A, 5936 Manger

Opningstid:

Tysdag og fredag kl 10 - 14.

Telefon:

4000 1691
kvar dag kl 10.00 – 14.00.
post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

Facebookside:

radoykyrkjelyd

Kontonummer: 3636 07 04682

Vipps:

24042
Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

Kyrkjeverje:

John Fredrik Wallace

jw734@kyrkja.no

Leiar i fellesrådet:

Sølvi Knudsen,

sngk@live.no

Soknerådsleiar Radøy:

Kirsten Skage Mellingen,

kirskamel@gmail.com

Radar

Utgevar: Soknerådet i Radøy sokn,

i samarbeid med Meland sokn,

Knarvik sokn, Osterfjorden sokn,

Mo sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Berit Nøst Dale

Lokal redaksjon: Kirsten Risnes og

Håkon Glatved-Prahl.

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Aksell

Framsidedeilete: Foto: Bo Mathisen



John Fredrik Wallace
Kyrkjeverje
482 84 872



Gudveig Kartveit Sundsbø
Diakon
938 40 587



Bjørn Dalsgård Nygård
Prest under utdanning
412 59 586



Grethe Lunde
Dagleg leiar Radøy og Lindås
906 13 452



Torbjørn Sæle
Sokneprest
951 41 685



Håkon Glatved-Prahl
Kyrkjetenar
906 89 450



J. William Kay
Organist I/Rådgevar
915 91 482



Helle Leivestad Kartveit
Trusopplærer
404 06 050



Gyda Matland
Administrasjonssekretær
400 01 691

GUDSTENESTE- KALENDER

29.03.2026 kl. 11.00

Manger kyrkje
Palmesundag
Liturg: Kurt Vidar
Soltveit
Organist: Lyder Minde
Janøy

02.04.2026 kl. 19.00

Sæbø kyrkje
Skjærtorsdag
Liturg: Torbjørn Sæle
Organist: Frode Skag
Storheim

03.04.2026 kl. 19.00

Sæbø kyrkje
Langfredag
Liturg: Torbjørn Sæle
Organist: John William
Kay

05.04.2026 kl. 11.00

Sæbø kyrkje
Påskedag
Liturg: Torbjørn Sæle
Organist: John William
Kay
Teikneaktiviteter for dei minste

12.04.2026 kl. 11.00

Manger kyrkje
2. søndag i påsketida
Barnas påskefest
Liturg: Torbjørn Sæle
Organist: Ann Jorun
Hopen

19.04.2026 kl. 11.00

Hordabø kyrkje
3. søndag i påsketida
Liturg: Bjørn Dalsgård
Nygård
Organist: John William
Kay

26.04.2026 kl. 11.00

Manger kyrkje
4. søndag i påsketida
Liturg: Torbjørn Sæle
Organist: Frode Skag
Storheim
Sundagsskule

02.05.2026 kl. 12.00

Emigrantkyrkja
Konfirmasjon
Liturg: Bjørn Dalsgård
Nygård
Organist: John William
Kay

03.05.2026 kl. 10.30 og 12.30

Manger kyrkje
5. søndag i påsketida
Konfirmasjon
Liturg: Bjørn Dalsgård
Nygård
Organist: John William
Kay

09.05.2026 kl. 11.00 og 13.00

Hordabø kyrkje
Konfirmasjon
Liturg: Bjørn Dalsgård
Nygård
Organist: Ann Jorun
Hopen

10.05.2026 kl. 11.00

Sæbø kyrkje
6. søndag i påsketida
Konfirmasjon
Liturg: Bjørn Dalsgård
Nygård
Organist: Lyder Minde
Janøy

14.05.2026 kl. 11.00

Solendfjellet
Helgetorsdag
Liturg: Torbjørn Sæle

17.05.2026

kl. 10.00 Hordabø kyrkje
kl. 10.30 Sæbø kyrkje
kl. 11.00 Manger kyrkje

24.05.2026 kl. 11.00

Manger kyrkje
Pinsedag
Liturg: Torbjørn Sæle
Organist: John William
Kay
Sundagsskule.

31.05.2026 kl. 11.00

Tjorehagen
Treeiningssundag
Friluftsgudsteneste
Liturg: Bjørn Dalsgård
Nygård
Skaparverkdagen

07.06.2026 kl. 11.00

Hordabø kyrkje
2. søndag i treeiningstida
Liturg: Torbjørn Sæle
Organist: John William
Kay

14.06.2026 kl. 11.00

Sæbø kyrkje
3. søndag i treeiningstida
Liturg: Torbjørn Sæle
Organist: Lyder Minde
Janøy

21.06.2026 kl. 11.00

Manger kyrkje
4. søndag i treeiningstida
Konfirmantjubileum
Liturg: Bjørn Dalsgård
Nygård
Organist: John William
Kay

DET SKJER:

Babysong, Rasteplassen
Kvar tysdag kl. 11.00-12.30
For born, foreldre og besteforeldre

Cantarella barnekor

For 1.-4. klasse
Manger barneskule tysdagar kl. 13.15-14.15
Sæbø barneskule torsdagar kl. 12.30-13.30

Språkkafé, Radøytunet mottakssenter

Torsdagar kl. 11.30-12.30
Kontakt Gudveig Kartveit Sundsbø,
tlf. 938 40 587, om du vil vere frivillig/
hjelp til.

Kvardagsmiddag for alle, Rasteplassen.

Annankvar onsdag, partalsveker, kl. 16.00
20 kr pr person
Påmelding: mobilnr 938 40 587

Radøy damekor, Rasteplassen.

18 år og oppover. Vi søker nye songarar,
 gjerne førstesopran!
Torsdagar kl. 18.30-21.00.

Manger Barnekor, Kyrkjestova,

Manger kyrkje.
4 år-3.klasse
Annankvar onsdag, oddetalsveker,
kl. 17.00-17.45

Andakt, i Storstova, Velferdssenteret

Annankvar torsdag kl. 11.00.
For Velferdssenteret, omsorgsbustadane og
Dagstova

Manger kyrkjeforening

Rasteplassen.
Vanlegvis andre måndagen
i månaden kl. 16:00

Tysdagstreff i Sæbø kyrkje kl. 19.00.

Føredrag/innlegg og kveldsmat saman
14.april- Forbruk eller takksemnd?
Ved Gunnar Kartveit

Bibelprat på Rasteplassen

Me samtalar om søndagens bibeltekst.
Nokre tysdagar kl. 18.00

Utstilling, kristne symbol. Rasteplassen.

Utstilling av ulike dekorasjonar/symbol, m.a.
julekrybber frå mange land

Jubileum for 50- og 60-årskonfirmantar

Søndag 21.06 i Manger kyrkje kl. 11.00

For meir info:

Sjå kyrkja.no/radøy